






## Referat


### Møte i kommunalsjefgruppa for helse og omsorg

<b>Møte:</b>	Møte 6 - 2017
<b>Tid:</b>	17.november, kl. 09 - 15
<b>Stad:</b>	Knarvik, Regionrådet
<b>Til stades:</b>	Olav Mongstad, Ove Sæbø, Helge Kvam, Mette Fauskanger, Helga I Ellingsen, Nina Kvamme, Heinz Diehl, Leni Dale og Anne Hildegunn Færøy Solrun Haugum med på sak 36/17
<b>Ikkje møtt:</b>	Ingebjørg Søreide
<b>Møteleiar:</b>	Helga I Ellingsen
<b>Referat:</b>	Anne Hildegunn Færøy

Nr.	Sak	Vedlegg
34/17	<b>Godkjenning av møteinnkalling og sakliste</b> Godkjent utan merknader	
35/17	<b>Godkjenning av referat frå møte 31.august 2017</b> Referat godkjent utan merknader	
36/17	<p><b>Velferdsteknologiprogrammet (kl. 9 - 11)</b></p> <p>- informasjon om kva som skjer – kva er gjennomført, og planar for vidare arbeid. Helga Ellingsen orienterte om status for prosjektet, med gjennomgang av prosjektorganisasjon og mandat.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Samarbeidsavtale mellom deltakarkommunane er under utarbeiding.</li> <li>– Prosjektleiari og prosjektmedarbeidarar er tilsett og har kontor på Dampen. Dette er blitt ein god felles arena for prosjektet. Her er responscenteret lokalisert og det legg til rette for samarbeid med IKT NH.</li> <li>– Felles identitet og merkevarebygging står sentralt i prosjektet, og det vert arbeidd med å få ut informasjon om prosjektet m.a på eiga heimeside og profil på Facebook.</li> <li>– Prosjektet godt organisert og forankra.</li> <li>– Vidare plan: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dei som arbeider i prosjektet vil invitere seg ut til alle kommunane for å møte lokale arbeidsgrupper, leiarar og evt. tilsette i tenestene. Det er eit mål å nå alle kommunane i perioden medio desember til medio januar. Alle kommunar bli kontakta, og meir informasjon om tema og gjennomføring vert sendt ut.</li> <li>○ Det er peika på at det er behov for å styrka mellomleiarane sin kompetanse om velferdsteknologi, og det vart stilt spørsmål om ein i fellesskap skal søkja om OU midlar for å få eit felles løft i form av felles kurs/opplæring i endringsleiing. Helga viste til at prosjektleiinga ser på ulike kurspakkar og vil komma med forslag til løysing.</li> <li>○ Det er sett ned ei arbeidsgruppe med ressursar frå IKT NH som skal vurdere strategi for anskaffing av teknologi. Alle kommunar i Hordaland og Sogn og fjordane er invitert med til å delta i dette, og det er sendt ut invitasjon til eit felles informasjonsmøte i desember(12.12.17).</li> </ul> </li> <li>– Utval for helse og omsorg(HU) er orientert om prosjektet og har komme med forslag om å endra visjonen slik at teknologi ikkje er ein del av ordlyden. Forslag frå utvalet: «Tryggleik i kvardagen - større fridom».</li> </ul> <p>Gruppa er samd i at dette er eit godt innspel og at tryggleik og fridom er eit av måla,</p>	 Prosjektmandat Interkommunalt Velferd  Invitasjon til informasjonsmøte om

	<p>men ser samtidig at ein ikkje kan sjå vekk frå at dette er eit teknologiprojekt og at dette bør komma tydleg fram i tittelen. Gruppa kom fram til at innspelet til endring i tittel/visjon kan takst inn som ein undertittel i prosjektnamnet, og vil tilrå at dette vert lagt fram til handsaming i styret for prosjektet.</p>							
37/17	<p><b>Møteplan 2018</b>          Gruppa godkjente møteplan med desse endringar:          26.januar vert endra til 2.februar.</p>	 MØTEPLAN 2018.docx						
38/17	<p><b>Prosjekt psykisk helse og rus</b>          Dag Haarklau, prosjektleiar orienterte om status for prosjektet.          Søknad om midlar til etablering av FACT team i eit samarbeid mellom kommunane som høyrer til Bjørgvin DPS, avd. Nordhordland og Bjørgvin DPS er under utarbeiding.          HelseDirektoratet har opplyst at midlar vert lyst ut for 2018. Skisse til søknad er laga ut frå søknadskriterier som var sett i 2017.</p> <p>Tiltaket er definert som eit prosjekt for perioden 2018-2020. Vidareføring i drift vert etter det evaluert og prosjektert.          Prosjektet har følgjande budsjettramme for heilårsdrift;</p> <table> <tr> <td>6 årsverk</td> <td>4 500 000</td> </tr> <tr> <td>Driftsutgifter</td> <td>800 000 (leigebilar, reise, kontorutgifter)</td> </tr> <tr> <td>Sum</td> <td>5 300 000</td> </tr> </table> <p>Fordeling av kostnader er føreslått slik:          Kommunane 25%, DPS 25% og søknad prosjektmidlar 50%.</p> <p>Det vert tilrådd at prosjektet blir organisert og drifta etter ein vertskommunemodell. Dette må forankrast og ansvar må sikrast av alle samarbeidsparter (DPS og 8 kommunar). Arbeidsgruppa har nemnt Lindås (Alver) som aktuell vertskommune.</p> <p><b>Innspel og konklusjon:</b>          Kommunalsjefgruppa tilrår at tiltaket vert definert som eit tidsavgrensa prosjekt for utprøving av modell - FACT team i 2018 - 2020, med midlertidige tilsetningar. Det skal gjennomførast ei evaluering for å vurdere kva nytte tiltaket har for den enkelte kommune før det eventuelt går inni fast drift.          Kommunalsjefgruppa sluttar seg til at Lindås vert vertskommune for prosjektet.          Det vert tilrådd at ein nyttar fordelingsnøkkel som for legevaktssamarbeidet når det gjeld deling av kommunane sin del av kostnadene. (1/3 del fast og 2/3 etter innbyggjartal).</p> <p>Det må utarbeidast og inngåast samarbeidsavtale mellom aktørane som bør leggest ved søknaden.          Avtale mellom;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- vertskommune og samarbeidskommunar</li> <li>- vertskommune og spesialisthelsetenesta</li> </ul> <p>Kommunalsjefgruppa ber prosjektleiar og arbeidsgruppa jobbe vidare med å ferdigstille søknad ift søknadskriterier for 2018, så snart desse føreligg, og ber om at skisse til søknad vert sendt til kommunalsjef i Lindås kommune for vidare behandling og innsending.</p> <p>Kommunalsjefgruppa ber prosjektleiar utarbeide eit notat som kan nyttast som grunnlag for sak som skal til handsaming i kommunane. Notatet må m.a. skissere organisering av tiltaket, budsjett og deling av kostnader. Det må også synleggjera kva konsekvensar det får dersom ein ikkje får midlar til dette prosjektet.</p>	6 årsverk	4 500 000	Driftsutgifter	800 000 (leigebilar, reise, kontorutgifter)	Sum	5 300 000	
6 årsverk	4 500 000							
Driftsutgifter	800 000 (leigebilar, reise, kontorutgifter)							
Sum	5 300 000							
39/17	<p><b>Lærings- og meistringstilbod</b>          Bente Bø Taule, prosjektleiar og Bente Orlèn Westervik, brukarrepr. orienterte om status for prosjektet.          PP som viser gjennomførte kurs i 2017, form og struktur på kursa, suksessfaktorar frå likande tilbod i Hels Vest og litt om vegen vidare er lagt ved.          Det var m.a. stilt spørsmål ved korleis drive dette tilbodet vidare og få det til å bli ein del av pasientforløp for aktuelle brukargrupper.          Det vart også stilt spørsmål ved og drøfta korleis ein skal dokumentere tilbodet og ivareta</p>	 LIVSSTILSENDRING- MEISTRING AV EIGA I						

	<p>dokumentasjonsplikta. Leni Dale tar med seg spørsmålet til systemansvarleg i Lindås kommune som også kan drøfte det med nettverket for Vestlandsløftet.</p> <p><b>Konklusjon:</b> Kommunalsjefgruppa ber om å få eit notat som kan leggast til grunn for å vurdere om dette skal bli eit fast tilbod, med forslag til organisering og kva ressursar som må på plass for å drifta tilbodet.</p>	
40/17	<p><b>Revisjon av samarbeidsavtalar</b> - kort orientering om status for arbeidet og plan for vidare handsaming.</p> <p>Anne Hildegunn Færøy gav ei kort orientering om status for arbeidet med revisjon av samarbeidsavtalar mellom kommunar og helseføretak.</p> <p><u>Tenesteavtale 4 og 8</u> er revidert av arbeidsgrupper samansett av kommunerepresentantar frå dei fire samarbeidsutvalsområda og representantar frå Helse Bergen, Haraldsplass og andre private ideelle institusjonar i føretaksområdet. Gruppene har arbeidd etter eige mandat vedtatt av samarbeidsutvala.</p> <p>Avtale 4 er klar til handsaming i samarbeidsutvala, og dersom utvala tilrår det vert denne avtalen sendt til handsaming i kommunane kort tid etter utvalsmøta i desember.</p> <p>Avtale 8 - arbeidsgruppa har eit møte igjen og det er semje om den overordna avtalen. Når det gjelder rutineane er det usemje om nokre punkt. Arbeidsgruppa tilrår at forslag til revidert tenesteavtale og tilhøyrande rutinar vert handsame under eitt, og at saka derfor vert utsett til SU-møta i februar 2018.</p> <p><u>Pandemiavtalen</u> - Terese Folgerø, NH kommunane sin repr i arbeidsgruppe for revisjon/utarbeiding av ny <i>Avtale om samhandling i forbindelse med pandemiske hendelser</i> orienterte om arbeidet med revisjon av denne avtalen. I forkant var det sendt ut ein kladd/utkast til Pandemiavtale. PP med spørsmål og gjennomgang av juridiske sider ved ein slik avtale og kva omsyn partane må ta i dette arbeidet er vedlagt.</p> <p>Det er utarbeidd nasjonale rettleiarar om pandemi som arbeidsgruppa ønskjer å sjå nærare på før ein kan ferdigstille arbeidet sitt. Arbeidsgruppa ber om innspel til dette.</p> <p><u>Innspel frå kommunalsjefgruppa:</u> Alle har beredskapsplanar og Fylkesmannen i Hordaland gjennomfører tilsyn der dette er tema. Kommunane har god oversikt når det gjeld beredskap. Når det gjeld denne avtalen, så er gruppa opptatt av at det blir ein kort avtale der partane forplikta kvarandre, og der gjensidig samarbeid og samhandling i aktuelle situasjonar for å sikre tilstrekkelig kapasitet og kompetanse blir avklara.</p> <p><b>Konklusjon:</b> Kommunalsjefgruppa støttar Terese Folgerø i at ein må bruke meir tid på avtalen, og at dersom ein treng slik avtale, så bør den være kort og ikkje særleg detaljert.</p>	 Pandemiavtale 17.11.17.pptx
41/17	<p><b>Referat frå andre utval, nettverk, fagråd vedlagt i sakliste:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fagrådet for kommuneoverlegar - referat møte 4.september</li> <li>- Samarbeidsutvalet for NH - referat møte 27.september</li> <li>- Utval for helse og omsorg - referat møte 15.september</li> </ul> <p><b>Konklusjon:</b> Referata er tatt til orientering.</p>	
42/17	<p><b>Meldingssaker / eventuelt</b></p> <p><b>1. Status for fagråd og nettverk</b> Det vart stilt spørsmål ved om dei interkommunale fagråda og nettverka innan helse og omsorg i regionen framleis er aktive. Kommunalsjefgruppa ønskjer å halde seg orientert om kva saker og tema som vert arbeidd med i desse fora.</p> <p><b>Konklusjon:</b> Gruppa ønskjer å få tilbakemelding om status for dei ulike fagråda og nettverka, og ber Anne Hildegunn ta kontakt med leiarane og ber om tilbakemelding på status, samt få tilsendt referat frå møter som har vert i 2017.</p> <p><b>2. POWERSIM software</b></p>	

	<p>Tone Haveland, dagleg leiar og Johan Sandal i Powersim software orienterte om verktøy til hjelp i framtidig planlegging og økonomistyring i kommunane. Eit rådmannsverktøy utvikla og pilotert i samarbeid med Austrheim kommune.</p> <p>Målet med orienteringa var m.a å visa ein modell av verktøyet, avklara om andre kommunar i Nordhordland har interesse av eit slikt verktøy og få ei forankring med fleire kommunar for å ha eit større grunnlag for dialog med KS om felles prosjekt og/eller utviklingsstøttePP som viser presentasjonen er lagt ved referat.</p> <p><b>Konklusjon:</b> Kommunalsjefgruppa kan ikkje sjå at dei har mandat til å vurdere spørsmål om kommunane si deltaking i eit slikt prosjekt, og ber om at saka vert presentert for Rådmannsutvalet.</p>	 <p>Presentasjon Nordhordland 171117</p>
--	---	--